



Arkivnr: 2017/485-81

Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		20.03.2019

Ad. oppnemning av vararepresentantar til brukarmedverknadsgruppa for Bybanen, Byggetrinn 4 - oppnemning av to nye vararepresentantar

Samandrag

Det vert vist til PS sak 36/18 til møte i RMNF den 31.10.2018. RMNF inviterte til eit dialogmøte den 22.08.2017. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF) har mottok ein bestilling frå Bybanen Utbygging, der RMNF vart beden om å ta initiativ til å opprette ei brukarmedverknadsgruppa/referansegruppe. Brukarmedverknadsgruppa vart oppretta i møte den 23.10.2017. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har mottatt spørsmål frå Bybanen Utbygging hausten 2018 om det kan oppnemnast vararepresentantar. Det var sett fram ynskje om ein vararepresentant for kvar av dei tre oppnemnde i gruppa.

I møte i RMNF den 31.10.2018 i PS sak 36/18 vart det oppnemnd vararepresentantar. Den som er oppnemnd som vararepresentant for medlem nr. 3 Matthias Viktorsson, har meldt frå om at han ikkje lenger ønskjer å vere vararepresentant. Ein annan person frå same brukarorganisasjon har meldt seg og ønskjer å ta over dette vervet. Ho er i dag vara for medlem nr. 4, Lian Ching Lech. Det må difor også veljast eit nytt varamedlem for både for medlem nr. 3 og nr. 4.

Det må veljast nye varamedlemmer for medlem nr. 3 og medlem nr. 4.

Økonomi: Bybanen utbygging dekker kostnadene for brukarmedverknadsgruppa.

Klima: Inga effekt.

Folkehelse: Inga effekt.

Regional planstrategi: Inga effekt.

Forslag til vedtak

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vil foreslå følgjande nye vararepresentantar til brukarmedverknadsgruppa, Bybanen Byggetrinn 4, for medlem nr. 3 og medlem nr. 4:

1. For medlem nr. 3, Matthias Viktorsson (Kommunalt Råd Bergen/FFO):
2. For medlem nr. 4, Lian Ching Lech (safo/Handikapforbundet):

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs
rådgjevar/jurist

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.